



Olsen Maskinentreprenør AS v/Torstein Olsen
Kismulvegen 238D
5243 FANA

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3112 - 15/22013

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

09.12.2015

Godkjenning - GBNR 9/58 - Løyve til etablering av tilkomstveg og grøft for vassleidningar

Administrativt vedtak. Saknr: 434/2015

Tiltakshavar: Leif Wenneberg
Ansvarleg søker: Olsen Maskinentreprenør AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 bokstav a

SAKSUTGREIING:

Omsøkt tiltak:

Gjennom søknad m/ vedlegg journalført 1.12.2015 vert det søkt om løyve til opparbeiding av tilkomstveg, parkeringsplass og grøft for vassleidningar og gbnr 9/58 over gbnr 9/7 i Meland kommune, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Det vert vidare vist til søknad frå Skarsvåg Rør og Interiør AS om tilkopling til kommunalt vassforsyningsanlegg med vedlegg journalført 20.10.2015. Søknaden vert handsama saman med føreliggjande søknad om løyve til tiltak, jf nedanfor.

VURDERING:

Planstatus:

Den omsøkte eigedomen ligg i eit uregulert område som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) er avsett til landbruks-, natur- og fritidsformål (LNF), men gjennom vedtak frå Utval for drift og utvikling (UDU) av

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

24.9.2015 vart det gitt naudsynt dispensasjon frå KPA for tiltaket som no vert omsøkt, jf. UDU-sak 061/2015.

Nabovarsling:

Det er innan lova si fastsette frist ikkje mottatt merknadar til søknaden og byggjetiltaket vert elles vurdert til å vere tilstrekkeleg nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Vurdering

Tiltaket si utforming, utsjånad, plassering og avstand frå nabogrenser:

Tiltaket si plassering, høgde og avstand frå nabogrenser vert vurdert til å vere i samsvar med gjeldande krav i høvesvis pbl § 29-4, jf vedlagte situasjonsplan og vegprofilar journalført 1.12.2015.

Det ligg føre signert erklæring frå grunneigarar av gbnr 9/184, Marius Loe og Siren Lund, for plassering av vegen nærare enn fire meter frå nabogrense. Marius Loe er òg matrikkelregistrert grunneigar av gbnr 9/26. Nemnde erklæring omfattar ikkje gbnr 9/26, men grunneigar har gjennom kvittering for nabovarsling gitt samtykke til plassering av tilkomstvegen. Samla sett vurderer administrasjonen at det ligg føre skriftleg samtykke til plassering av vegen frå naboeigedomane og kommunen godkjenner plasseringa i medhald av pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav (a).

Vidare ligg det føre naudsynte erklæringar frå grunneigar av gbnr 9/7, Torill Alise Hjertås, for vegframføring som omsøkt, samt godkjenning av tilkopling og rørtrasé over same eigedom.

Tiltaket skal vidare utformast i samsvar med vedlagte situasjonsplan og vegprofilar, og vert med dette vurdert til å stette krava til utforming og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-2. Administrasjonen føreset at vegtiltaket naudsynt grad vert tilpassa tilgrensande terreng og omgjevnadane elles, t.d. ved at det vert lagt på jord og/eller sådd til.

Ansvarsrettar:

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde for funksjon og ansvar	Tiltaksklasse
Olsen Maskinentreprenør AS Org. nr 975 939 686 Lokal godkjenning	SØK, PRO og UTF, vegtiltaket og grøft for vassleidning	1
Skarsvåg Rør og Interiør AS Org.nr 979 679 149 Sentral godkjenning	SØK, PRO og UTF, rørleggararbeid og tilkopling	1

Tilkopling til kommunalt vassforsyningsanlegg:

Søknad frå Skarsvåg Rør og Interiør AS om tilkopling til kommunalt vassforsyningsanlegg med vedlegg journalført 20.10.2015 vert godkjent som omsøkt. Kommunen godkjenner søknad om tilkopling til kommunal vassforsyning på dei vilkår og føresetnader som går fram av vedtaket nedanfor og med ansvarsrettar ovanfor. Rørtrasé skal vere som vist på vedlagt situasjonsplan journalført motteke 20.10.15, men med den presisering at rørtrasé (grøft) kan følgje vegtiltaket i samsvar med situasjonsplan journalført 1.12.2015.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 løyve til opparbeiding av tilkomstveg, parkeringsplass og grønft for vassleidningar og gbnr 9/58 over gbnr 9/7 i Meland kommune i samsvar søknad m/ vedlegg journalført 1.12.2015.

Tiltaket si plassering, utforming, høgde og utsjånad skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan og vegprofilar. For tiltaket gjeld eit toleransekrav horisontalt og vertikalt på +/- 20cm. Tiltaket skal elles utførast i samsvar med krav stilt i eller i medhald av pbl.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf pbl §§ 23-3 – 23-6 og vurderinga over.

Meland kommune godkjenner at eigedomen vert tilknytt kommunalt vassforsyningsanlegg på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Pr 1.1.2015 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- + mva.»

Løynet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart, teikningar

Leif Wenneberg vedr. Søknad om lil kobling off. G.nr. 9 B.nr. 58 og 79 Ny situasjonsplan og inntegnet trasè for vannl. (L)(87752)

Mottakere:

Olsen Maskinentreprenør AS
v/Torstein Olsen

Kismulvegen 238D 5243

FANA

Skarsvåg rør og interiør AS

Melandsvegen 15 5918

FREKHAUG